




HJELMELAND
KOMMUNE

KOMMUNALE MÅL FOR HJORTEVILTFORVALTNINGA 2021 - 2025

Vedtatt i areal- og forvaltningsutvalet 16. juni 2021



Overordna målsetjing

Hjelmeland kommune skal ha berekraftige bestandar av elg, hjort og rådyr. Bestandane skal vera berekraftige med omsyn til beitegrunnlaget og ikkje medføra konfliktar med trafikk, landbruksnæring eller friluftsliv. Innafor desse rammene skal elg, hjort og rådyr forvaltast til beste for verdiskaping, lokale jegerinteresser og allmenne naturinteresser.

Delmål

Bestandsnivå

Elg:

Målet er ein auke av elgbestanden, og etablering av ein elgbestand med ei sunn og berekraftig kjønns- og aldersfordeling.

Hjort:

Målet er ein liten nedgang hjortebestanden. Dette for å unngå for store beiteskadar på dyrka mark, frukthagar og skog.

Hjortebestanden skal ha ein sunn og berekraftig kjønns- og aldersfordeling.

Rådyr:

Målet er ein auke i rådyrbestanden og at tal rådyr som dør av andre årsaker enn jakt, som t.d. påkøyrslar, i samband med grasslått og rovdyr blir redusert.

Jaktorganisering

Målet er at forvaltinga av jakta skal organiserast i større einingar, og ein større del av valda har ein bestandsplan. Dette kan anten skje ved å etablera større vald, eller at fleire vald samarbeidar i eit bestandsplanområde om felles bestandsplan.

Grunneigarar som organiserar rett til jakt gjennom bestandsplanområde skal ha eit reelt og betydelig handlingsrom i forvaltinga av hjortevilt.

Elg: Innan 2025 skal felling av elg i Hjelmeland i all hovudsak vera styrt gjennom bestandsplan.

Hjort: Innan 2025 skal minst 50% av hjortevalda ha ein bestandsplan.

Rapportering

Målet er at alle valdansvarlege rapporterer sett elg og sett hjort innan 14 dagar etter jakta er avslutta, og at det blir rapportert fellingsresultat for rådyr.

Valda må sørge for å opparbeide gode rutinar for dette. Rapportering skal skje via www.hjorteviltregisteret.no.

Hjortevilt og trafikk

Talet på trafikkdrepne elg og hjort skal i målperioden ikkje overstige 5 % av jaktuttaket.

For rådyr skal talet på trafikkdrepne rådyr i målperioden ikkje overstige 10 % av

jaktuttaket.

Kommunen skal dokumentere og stadfeste trafikkulykker med hjortevilt i det nasjonale Hjorteviltregisteret.

Skadar på skog og innmark

Målet er eit lågt konfliktnivået mellom hjortevilt og skadar på innmark og skog, og at det ikkje skal vera naudsynt med fleire skadefellingsløyve enn tilsvarende 2% av jaktuttaket.

Naturopplevelingar og friluftsliv

Hjorteviltet skal gje folk flest fine opplevingar i naturen.

Hjorteviltjakta skal gi gode opplevingar for jegerane, og ein skal arbeida for at jakta skal ha samfunnsaksept.

Skrantesjuke/Chronic Wasting Disease – CWD

Hjelmeland kommune skal bidra aktivt i arbeidet med å bekjempe utviklinga av CWD gjennom spreiing av informasjon og innsamling av prøvar i samsvar med nasjonale kartleggingsprogram og -pålegg.



Avskytingsplan 2021 - 2025:

Med avskytingsplan meiner ein plan for den retta avskytinga av hjort og elg. Det vil seie plan for prosentvis fordeling mellom dyr av ulik kjønn og alder.

Elg:

| | |
|------|-----|
| Kalv | 50% |
| Ku | 20% |
| Okse | 30% |

Hjort:

| | |
|------------|------|
| Kalv | 35% |
| Spissbukk | 20% |
| Hind | 35% |
| Eldre bukk | 10 % |

Minsteareal

| | |
|-------|--------------|
| Elg | 12 000 dekar |
| Hjort | 750 dekar |
| Rådyr | 500 dekar |

